



*Volda rideklubb har fått kr 100.000,- i støtte frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre til ridehall. F.v. Edle Holmin (leiar i Volda rideklubb), Anja Woldsund Thomsen (rådgjevar for privatmarknaden i Sparebank 1 Søre Sunnmøre), Linn Wangen Mork (Volda rideklubb, Anna Wangen Mork på hesten, Arne Lothe (banksjef privatmarknaden) og Veronika Kvalen Pilskog (kommunikasjonsansvarleg Sparebank 1 Søre Sunnmøre).

Jublar over ridehall i Volda

– Ein 25 år gammel draum går i oppfylling

Volda rideklubb er i full gang med planlegginga av ein ridehall ved ridebana i Vassbotn. Tysdag fekk dei tildelt kr 100.000,- i støtte frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre, som vil kome godt med til prosjektet.

– Vi er veldig glade og takksame for denne støtta som bidreg til at ein 25 år gammel draum går i oppfylning. Denne nye ridehallen har vi venta lenge på, og den betyr alt for å kunne halde fram å drive og vekse i klubben. Med hallen vert det mogleg å tilby rideaktivitetar gjennom heile året og alt ligg no til rette for å skape eit større og tettare ridemiljø i Volda, seier Edle Holmin, leiar i Volda rideklubb.

Rideaktivitet heile året

I slutten av mars fekk rideklubben eit lånetilsegn frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre, og no ventar dei berre på kommunal garanti før dei kan starte bygginga. Fjøsssystemer er valt ut som byggleverandør.

– Vi er godt nøgde med val av utforming på hallen og leverandør. Det vert ein stålhall med isolert tak, for å hindre støy frå regn som kan forstyrre både hestane, rytterane og publikum. Hallen vil ligge parallellt med dagens ridebane, og den nye rideflata inne vil måle 20 x 60 meter. I tillegg vert det lagt inn tre meter ekstra til gang og tribune, fortel Holmin.

Rideklubben har i dag 104 medlemmar, der halvparten er under 16 år. Å kunne drive med rideaktivitet inne betyr mykje for den aktive klubben.

– Over halve året kan vi ikkje ri ute på grunn av snø, sludd og frost i ridebana. Glatte baner og hardt underlag kan skade både rytter og

hest. I tillegg er det mykje regn her på Vestlandet gjennom heile året, og vi har ofte vore nøyde til å avlyse eller utsetje større arrangement på grunn av værforholda. Med innandørs bane får vi ei meir stabil og føreseieleg drift, seier Holmin.

Einaste satsingsklubb på Sunnmøre

Hestar er flokkdyr og vert dei skremde kan det fort ende i ein galopp. Ute kan det vere lyd og bråk som kan forstyrre hesten, og for dei yngste og mest uerfarne rytterane kan det oppstå uoversiktlege situasjonar.

– Dette slepp ein å tenkje på i hallen, for der kan born og unge halde på i trygge omgjevnadar. Det er ein del born som tek ridetimar i klubben og vi håpar at enda fleire vil kome til no når vi får ny hall, seier Holmin, og held fram:

– Då kan vi tilby fleire timar, meir jamt. Vi tilbyr ridetimar med privateigde hestar, og det vert meir freistande for eigarane å stille hesten sin til disposisjon når ein får vere inne, seier Holmin.

Volda Rideklubb har nyleg fått status som satsingsklubb, og er no den einaste satsingsklubben på Sunnmøre.

– Det er eit kvalitetsstempel som viser at vi er ein klubb som driv på skikkeleg måte der medlemmane vert varette. Å vere satsingsklubb kan også bidra til at studentar med hest vel å flytte til Volda, peikar Holmin på.

– Det viser også at vi er ein engasjert og aktiv klubb, for som medlem av ein satsingsklubb har ein krav på ei viss mengde aktivitetar i løpet av året, seier Linn Wangen Mork, kasserar i Volda rideklubb.



* Midlane kjem godt med til realiseringa av ein ridehall i Volda. Anna Wangen Mork (på hesten) er ein av fleire ungdommar i Volda som satsar med hest og deltek på større stemmer og konkurransar både lokalt og nasjonalt.

Lokale rytterar hevdar seg nasjonalt

Dottera til Linn, Anna Wangen Mork er ei av fleire ungdommar i Volda som driv aktivt med hest, og som årleg deltek på større ridestemmer og konkurransar lokalt og nasjonalt.

– Mange av rytterane ein møter på stemmer har faste treningar fleire dagar i veka gjennom heile året. Anna og dei andre rytterane i Volda får ikkje trene med hesten frå oktober til mars/april. Dei mister mykje viktig trening, seier

Wangen Mork.

For å få trene i vinterhalvåret må Anna og Linn ofte ta turen til ridebana på Eid. Det kan fort ta fem timar med rigging og køyring for ein halvtime med trening.

Det er ikkje alle som er så heldige at dei har aktive foreldre som kan stille med tid, bil og hestehengar. Ridehallen i Volda opnar dermed for at enda fleire kan trene aktivt med hest.

Arne Lothe i Sparebank 1 Søre Sunnmøre er glad for å kunne bidra til viktig aktivitet.

– Dette er ein klubb som har eksistert utruleg lenge og dei har jobba iherdig med å finne gode lokasjonar for ridebane og -hall. Det er stor kompetanse i klubben, og eit aktivt miljø der fleire av rytterane hevdar seg i konkurransar. Det er stor breidde i klubben, og med heilårsdrift har dei god sjans til å rekruttere nye rytterar og utvikle klubben vidare. Volda rideklubb bidreg også til å gjere det attraktivt å bu og virke i regionen vår.

✉ EMILIE GJENGEDAL VATNØY